# DET NORSKE TEATRET



Hører til rep. 1962/63
Nasjonalbiblioteket

TS Program 14g063317



# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 33 70 70

**Brann- og annen skadetrygd**

Kombinert trygding - Nyverdetrygding

28.4.1963


THAU
En forfriskende pause
DRIKK
Coca-Cola
REG. VAREMERKE
ISKALD
Autorisert tapperi
Jarlsberg Mineralvann A/S



*Restaurant*

# FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie*
*Le Rendez-Vous de Gourmets*
*Vis-à-vis*
*Nationaltheatret*

26 gonger

# „TROST I TAKLAMPA"

## Musical

av

ALF PRØYSEN,
ASBJØRN TOMS og
FINN LUDT

| | |
|---|---|
| regi | BARTHOLD HALLE |
| koreografi | EDITH ROGER |
| dekorasjonar | ARNE WALENTIN |
| kostyme | RANDI SKAHJEM |

Program-omslag: OLAF THRAP-MEYER

Alf Prøysen er teikna av RANDI MONSEN,
Asbjørn Toms og Finn Ludt av GÖSTA HAMMARLUND


Walter Jacobsen A.s
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 33 13 68

**Forretningen med det gode utvalg i kåper, kjoler og drakter.**



*Alf Prøysen: — Det er je som er far din, veit du.*

# „HÆLJA MIDT I VIKUN"

Til tonane frå Alf Prøysens sorgmuntre Hedemarks-dragspel inviterer Det Norske Teatret Oslo publikum til helg midt i veka, kvar kveld frå no og utover våren og sommaren. Det vil seia: tonane i orkestergrava er Finn Ludts, men tonen er Prøysens, for som den eminente teaterkomponist han er, har Finn Ludt etter vårt skjøn verkeleg funne tonen.

Vi vonar det vil syne seg at Prøysens landskjende trost framleis er livs levande, også etter dette siste hamskiftet, — at han er ein songfugl, ein norsk måltrost, og at det blir «blåklokkevikua midt i æillt det grå» når han spelar opp i dei vår- og sommarkveldar vi går i møte. Men vi vonar òg at det sosiale opprøret flammar like trassig som da han første gong lyfte vengene til flog over scenerampen.



*Finn Ludt: har laga melodiane.*

# TROSTEN . . .

Å, du trosten min . . . Ska du ut att og flyge nå da? På Sølvi Wang-venger. Ja dom har børi før dom, så dom bær nok deg òg, det er je skråsikker på.

Det er mange år sea vi var åleine du og je nå trosten, det er je som er far din veit du, je tenkte fell fysst å laga et helt grågåstrekk, iæillfæill tre grågåser da, så det skulle bli en trilogi dom kæille, og så skulle det kåmmå et bind hårt år og det skulle vara så sosialt og sterkt at dom skulle få seg en over nåsån noen hår! Je kjøpte papir for æilt som je tente som griskokk og sveiserlæidd og skreiv og skreiv hælve natta. Men je hadde gapa for stort, je makte det itte, je skulle på sletta og dæinse òg veit du. Og en gong hadde je fått kjøpt meg et par sko, «vidunder-sko» sto det på aska, det var gummiskor, svarte lakkerte gummiskor tel seks kroner, ja du flire du, men det såg ut som lakkskor når'n gikk fort forbi folk og itte var den fysste på golvi. Kvit seilerlue hadde je òg, der je gikk midt i ville granskauen og skulle vara sjarmør. Og je var flink tel å dæinse om je så ska sea det sjøl. Je kunne både tango og Brummendalsvæils og det var itte vanskelig å finne noen å dæinse med. Men så flire dom ått «vidunderskoa» mine, og reiv ta meg seilerlua og litt etter litt skjønte je at jinten bære ville dæinse med meg for å få vist fram å flinke dom var tel å dæinse sjøl, je fekk æiller følje dom hematt. Så gikk je hematt åleine og tok fram papir og blyæint og var sosialt indignert og da vart det noen linjer tel.

*Framhald side 27.*



*Asbjørn Toms: «en go'nommer to».*

# TROSTE-TRUBADUR-TRIOEN

*Den tre-einige blygskap på Det Norske Teatret*

Trekkfuglen har vagla seg på Det Norske. Prøysen, Toms og Ludt har stukke hovuda saman. Våren er komen. Og Trosten med den. I ny fjørham, med ny låt. Flunkende ny!

— Kven har æra?

Prøysen: Itte'n Alf!

Toms: Itte'n Asbjørn!

Ludt: Itte'n Finn!

Når det gjeld Finn Ludt, kjenner vi h a n s syn på eigen innsats frå før. I så måte er han vel det mest ubergenske som skarrar kultiverte errar i dette landet: fonetiske knallsuksessar, vellyd på glideflukt, av eit slikt slag og ein slik kvalitet som ein Oslo-munn aldri kan gjera seg von om å oppnå jamvel etter livslang trening. Vi hadde den lykke for 6—7 veker sidan å vera til stades på den mest overgjevne leseprøve i manns minne, på Trosten. Det byrja med småhumring og attkjennande knegg. Eit ørlite stykke ute i dagens tekst auka det til tredimensjonale brøl. Såleis heldt dei det gåande, dei som var på prøven, utan evne eller vilje til å skru ned kaskadane. Oppi denne jetstorm av morskap sat det tre alvorlege menn. Den eine var Alf Prøysen. Den andre var Asbjørn Toms. Den tredje var Finn Ludt. Eller omvendt. For første gong vart musicalen Trost i taklampa presentert for eit publikum, og det eit — torer ein seia — meir enn vanleg sakkunnig og kritisk eit. Finn Ludt skulle spela gjennom melodiane, etter kvart som visene melde seg i teksten. Opp spratt då den — å sjå til — så alvorlege musikkens trollmann som troll or øskje framføre kvar ny melodi. Han braut gjennom lydmuren, tok ordet og mælte: Dette dokker nå får høre . . . Han måtte berre vera heilt viss om at alle vart gjort kjent med og verkeleg forstod at dette var aldeles

*Framhald side 32.*



*Gunvor Smikkstugun — INGEBJØRG SEM: «Bære je får svingt meg, så ska det kæinskje bli hælja midt i vikun en fjorten daers ti'-»*

# 1813 – 5. august – 1963

## TIL MINNE – I TAKKSEMD – PÅ VEG FRAM

*Ivar Aasen*

Det er i år 150 år sidan Ivar Aasen vart fødd.
Noregs Mållag skal gje ut eit jubileumsskrift — ei artikkelsamling — der mange kjende personar gjev eit bilete av stoda i dag for norsk målreising på ymse omkverve.
Dei som gjerne vil heidra minnet om språkgeniet og den folkekjære diktaren Ivar Aasen bør tinga dette jubileumsskriftet straks. Namnet Dykkar kjem då med i skriftet.
Tekniske data: oml. 120 sider, stort format, prenta på rifla imperator. Pris: ved førehandstinging kr. 20,—, etter utgjevingsdatoen kr. 35,—. Kjem ut i sept./okt.
Tingingsfrist: snarast råd er.
Send kr. 20,— til postgiro 142 30 Noregs Mållag, så får De boka portofritt tilsend straks ho kjem ut. Skriv namn og adresse tydeleg.

**NOREGS MÅLLAG**

*Boks 911, Oslo.*

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

# ANDVAKE

MØLLERGT. 16 - OSLO




*Vesker - lærvarer - piper - røkesaker - suvenirer og presanger for hele familien.*

**„STAR"**

Karl Johans gate 4 ved Jernbanetorget.

*Samarbeid gjev framgang!*

*Bli medlem av*

**NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG**

OSLO

# EN GOD NOMMER TO

Det er itte æille gitt å bli geni her i væl'n slik som je (ITTE SLÅ MEG!!). Men å hjelp det å vara geni viss en itte har en god nommer to? Og det har je hatt og har fremdeles i **Asbjørn Toms.** Helt ifrå fysste gongen hæin kom ut i Nittedalen og kaste fram ideen om å dramatisere Trosten og tel nå har det vøri bære morosamt samarbeide, vi har ofte måtte ta øss sjøl i nakken for å itte laga det for vilt og tullete.

Å visste je om dramatikk? Je hadde itte mer vett på dramatikk enn katta på sæilt! Men hæin Asbjørn hadde gått vegen og fått både laurbærkræins og svipu-slag over ryggtavla. Og da lære en ettersom åra går.

Og hæin har lært meg.

Du verdens rike! Om de visste å mye hæin Asbjørn har gjort både når det gjeld «Trosten», «To pinner i kors», «Sirkus Mikkelikski» og «Tingeltangel i natt»! (Ja der fekk vi nå smaka svipua begge to!) Og nå i den nye «Trosten»!!

Vi har kokt seid og lagt kabal og sett i drømmeboka og sliti ut Dybwads rimleksikon flere enn en gong hæin Asbjørn og je.

Takk for nå Asbjørn, og blir det for mye jobbing og stress og slit og slep så veit je bære en måte å ha ferie på, og det er å skrive et nytt skuespill med deg som en god nommer to! Nei, en god kompis.

**Alf Prøysen.**

EASY A/S

*Den mest moderne delikatesseforretning*
*med byens største utvalg*

STORTINGSGT. 8 (vis á vis Studenterlunden)

*Vakrere ben i*
ULTRALYD *nylons*

—DANIELA—
For et hvert behov.

*daniela*

*Stigende kvalitet*




ULTRASON

NÆRMESTE FORHANDLER OPPGIS AV IMPORTØR.

*Vold-Johansen & Goplen*
AKERSGT. 59 — OSLO — TLF. 33 20 08.

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

GJENSIDIGE

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

**Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30**



*Frå v.: Kostyme — Randi Skahjem, Regi — Barthold Halle, dekor — Arne Walentin og koreografi — Edith Roger.*



REDNINGSSKØYTENE
reddet i 1962 41 mennesker fra drukningsdøden, og var til hjep for 4285 mennesker.

**Send ditt bidrag til**

## Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning

Wesselsgt. 8 Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 900 026/51

*Likar De å følgje med?*

**Få syn for segn les**

SYN OG SEGN

*Det største allmenne tidsskriftet i landet*

OPPLAG I DAG: 13 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 16,00 ved direkte tinging i forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo.
Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

**det norske samlaget**



*«Hjalmar — je e' nok livet for deg — itte sæint.»*

# „TROST I T

MUS

av Alf Prøysen, Asbj

Regi: Bart

Koreografi: E

Kostyme: Ran

Dekor: Arn

Instrumentering og orkesterlei

Alternerande kapellme

**Dei som er med:**

| | |
|---|---|
| REDAKTØR GREGERSEN | Helge Essmar |
| LÆRAR BREKKESTØL | Alf Sommer |
| ARVID KAVLOM | Jan Pande-Rolfsen |
| INGEBJØRG SMIKKSTAD | Marit Bolling |
| HALVOR SMIKKSTAD | Finn Bernhoft |
| LUNDJORDET | Harald Heide Steen |
| GUNVOR SMIKKSTUGUN | Ingebjørg Sem |
| TONETTA SMIKKSTUGUN | Siri Rom |
| NILS SMIKKSTUGUN | Ragnar Olason |
| OSKAR, JON, ELLA – borna deira | |

**Pause etter 1.**

***Hovedrollen***

***blant brannsikre skap*** . . . . .

**Pris fra kr. 539,00**

# AKLAMPA"

ICAL

rn Toms og Finn Ludt

old Halle
dith Roger
di Skahjem
Walentin
ng: Egil Monn-Iversen
ister: Albert Falck

| | | |
|---|---|---|
| BIRGER | tenestfolk | Einar Wenes |
| MARTIN | | Kåre Wicklund |
| OLAUG | | Åsta Voss |
| JENNY | | Viva Mørk |
| MINDA | | Elsa Lystad |
| HJALMAR | | Alf Malland |
| ELISE | | Anne-Mari Dale |
| KRESTINE KROKENGEN | | Aud Schønemann |
| ROY, HANDELSSVEINEN | | Asbjørn Toms |
| EVA SNEKKERSVEEN | | Gudrun Waadeland |
| GUSTAV SNEKKERSVEEN | | Lasse Kolstad |
| AKSEL SNEKKERSVEEN | | Jonas Brunvoll |
| VALDEMAR SNEKKERSVEEN | | Carl Habel |

akt.

. . . . . . . . . . . . JÖLI
JØRGEN S. LIEN
OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

| | |
|---|---|
| TEODOR SNEKKERSVEEN | Tom Tellefsen |
| MARIE SMIKKSTAD | Dagmar Myhrvold |
| MATHILDE BRANNERUD | Helga Holdhus |
| RIGMOR, STUDENT | Mette Falk |
| KARL-PETTER, STUDENT | Egil Åsman |
| DOKTEREN | Einar Braathen |

DANSARAR: Guri Pahle, Jens Graff, Gjertrud Reagen, Kari Laila Thorsen, Marthe Sæther, Ylva Aas, Svenn Berglund, Arne Svensen

Andre tenarar: Greta Størseth, Rita Westby, Laila Palmer, John Birkehoel og Børt-Erik Thoresen.

Orkesteret: Marcella Riefling, Ørnulf Gulbransen/Per Øien, Bjarne Lian/Tom Klausen, Rolf Nøddelund, Harald Bergersen, Bjarne Haraldsen, Åsmund Nordrum, Lyder Vengbo/Ivar Thorstensen, Frode Thingnæs/Arne Hermansen, Albert Falck, Per Onsum, John Svendsen, Einar Iversen, Knut Guettler, Robert Normann/Oddvar Sanne.

*Balletten: Ylva Aas, Arne Svensen, Kari Laila Thorsen, Guri Pahle, Jens Graff, Marthe Sæther, Svenn Berglund og Gjertrud Reagen.*





*«Og vi ska slå et slag tel bygdas pris.»*

LYTT TIL

# *Norsk folkemusikk*

**innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.**

Utgitt på RCA grammofonplater

**I samarbeid med Norsk Rikskringkasting**

**Til salgs hos musikkhandlerne**

# WILLEM II

## SIGARER




*Først blant de beste*

Eneimportør: Gunnar Stenberg A/S

# VEL MØTT SOM FAST GJEST I DET NORSKE TEATRET

## *Gå ofte og billig! – Bli fast abonnent!*

**1. Premiereabonnement**

De er trygg på å få fast plass til premierane på Det Norske Teatret. Abonnementet gjeld 3 namngjevne premierar i sesongen 1963/64. De får utlevert eit plasskort. Med dette kortet går De til den faste plassen utan å gå om billettluka.

**2. 2.-dagsabonnement**

De får utlevert eit plasskort som gjev rett til spesiell plass til 2. gongs framsyning. Abonnementet gjeld 3 namngjevne framsyningar i sesongen 1963/64. De får 50 % rabatt. Kortet gjeld som inngangsbillett, og gjev rett til billettkjøp med same rabatt til 2. dagen på eventuelle andre framsyningar i sesongen 1963/64.

**3. Individuelt abonnement**

Det individuelle abonnementet gjeld 3 namngjevne framsyningar i sesongen 1963/64. Billettane til kvar framsyning hentar De i billettluka til den dagen De sjølv måtte ynskje. Vanleg forsal og telefontinging. Abonnementet gjev ca. 30 % rabatt.

Vi sel abonnement i månadene mai, juni og august i billettluka, Det Norske Teatret.

Alle opplysningar får De i vårt Publikumskontor, Rosenkrantzgt. 8, tlf. 33 14 52.

Studieringar, klubbar og lag kan vende seg til Publikumskontoret som gjev alle opplysningar om repertoar og grupperabattar.

## Billettprisar

Ordinære prisar enkeltbill.

| | | |
|---|---|---|
| Ork. | Kr. | 15,— |
| Park. A | » | 12,— |
| Park. B | » | 7,— |
| Fr. balk. 1—2 | » | 12,— |
| » » 3—4 | » | 8,— |
| » » 5—6 | » | 5,— |
| Sidebalk. 1 | » | 5,— |
| » 2-3 | » | 4,— |

Premiereabonnement

| | | |
|---|---|---|
| Ork. | Kr. | 45,— |
| Park. A | » | 36,— |
| Park. B | » | 21,— |
| Fr. balk. 1—2 | » | 36,— |
| » » 3—4 | » | 24,— |
| » » 5—6 | » | 15,— |

2. dags abonnement

| | | |
|---|---|---|
| Ork. | Kr. | 22,50 |
| Park. A | » | 18,— |
| Park. B | » | 10,50 |
| Fr. balk. 1—2 | » | 18,— |
| » » 3—4 | » | 12,— |

Individuelt abonnement

| | | |
|---|---|---|
| Ork. | Kr. | 31,50 |
| Park. A | » | 24,— |
| Park. B | » | 15,— |
| Fr. balk. 1—2 | » | 24 — |
| » » 3—4 | » | 15,— |



*«Å det er nå så rart med det en får attpå, ja.»*

*Framhald frå side 9.*

Men det var e n som hadde lag med jinter, og det var hæindelsbetjenten. En høg flott kar med gult hår som såg ut som vispe eggedosis, je er sikker på at om hæin hadde bedt ei jinte klyve opp på taket på samvirkelaget og kakle som ei høne så hadde a gjort det for en karamell!

Je hadde bære trilogien å trøste meg med, en gong skulle dom få sjå «dæssa som itte unne en stakkar å ha på seg en raukjole!» som a Gunvor seie i Trosten.

Ja, så drog je frå gard til gard frå bygd til bygd og hadde med meg trilogien, men den hadde minke stygt, det var itte lenger tale om noe grågåstrekk, langt mindre tre, det var på slutten bære noen ark som tel nød kunne bli ei bok.

Ei lita bok.

Men det var noe som mangle. Je visste je ville ha med lærer Brekkestøl, hæin kjinte je og hæin skulle få att! Og dikter'n hadde je ei viss peiling på, je hadde kjøpt hans samlede verker på avbetaling og så gikk'n forbi meg på vegen engong og je tok ta meg lua og helste og så helste'n itte att. Og slik gjør ingen ustraffet mot gryende talenter! Dikter'n skulle få så det sang!

Og a Krestine Krokengen! Je kjæm hau en gong i trøskingen, da var a «Krestine» med og kokke og så fekk vi lagsild, det var det beste je visste. Vi satt inni storstugua og åt. A «Krestine» satt ved bordet hu òg. Hu skulle forsyne seg fysst og hu tok e i lagsild. Så gjorde vi andre det òg. Andre gongen fatet skulle gå rundt, sa a Krestine «nei takk. Ha je fått ei hel lagsild så er je så væl forsynt så . . .» Og da torde itte je å ta mer, men je hadde fått en ny person i boka mi.

Og så Snekkersvekara . . . dom var så gla i å sløss. Dom var itte domme og slo sjelden dom som itte fortente det.

*Framhald side 29.*

**Vil du vera orientert? Meld deg som tingar av**

**DAG OG TID**
1962

RIKSORGAN FOR KOMMENTAR OG DEBATT

Frå pressa:
*En verdifull tilvekst til norsk presse.* Rogalands Avis.
*Vil tydeligvis gi oss noe utenom det vanlige her på bjerget.* S. i Østfold-Posten.
*Redaksjonen synes stille strenge krav til kvalitet.* Horten Arbeiderblad.

Klipp ut og send til DAG OG TID — Boks 911, Oslo.
Eg vil vite meir om Dag og Tid. Send meg gratis .... eks.
av nr. 1 - 1963.
Namn ..........................................
Adresse ........................................

*En trykksak*

**som De og Deres forbindelse vil like, får de fra meg.**

RAGNAR BRYDE

***Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri***

**Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 33 44 33.**

**Velkommen til**

Fornebu Flyrestaurant

*Fin utsikt over flyplassen - Lett adkomst med Snarøybussen*

**Vennligst ring telefon 53 65 60**

*Framhald frå side 27.*

Je kjæm hau en gong på lokalet, det var en som hadde ropt «Jålbokk» og «Griskokksnobb» etter meg førrige lorda'n. Og så kom «Snekkersvekara» og så hadde dom ittno å ta seg tel. Så kom'n Valdemar bortått meg og sa: «Var det itte en som fornærme deg sist helj? Viss du vil kæin je ta'n for deg. Du ska slæppe å bli innblæinne sjøl.» «Nei!» sa je, je var væint med å tette att øra når je hørde fæintkjæft, så det gjorde itte meg noe, men je tenkte: Snekkersvekara ska vara med i boka.

Og så a Ingebjørg på Smikkstad. Hu er egentlig en tragisk skikkelse, hu kunne vøri ei fresk jinte hu, viss itte Brekkestøl og Lundjordet hadde fått taket på a. Men det fysste høgget fekk a nok som lita: mor hennes var dotter åt en organist på Vestlæinnet. Så a Ingebjørg skulle ta opp arven.

Men som sagt, det var noe som mangle. Je var itte klar over å det var, je dreiv med stassjonskapitlet og syns je såg både Smikksta'n og a Ingebjørg og æille som sto og vente på dikter'n, og så få je sjå det kjæm ei jinte ta toget!! Lange bokser og kuffert, og så syns je a trippe så lett bortover vegen.

— Himmel og hav, tenkte je, å er detta for en åpenbaring, hu har da ittno i en sosial roman å gjøra. Men je får nå følje etter deg og sjå å du går. Je ska fell få plassert deg en stann når je bære veit å du bor hen. Og jinta gikkått Smikkstugun og da kjinte je att a.

Det var . . .

Nei det navnet vil je ha for meg sjøl.

Men hu vart «Trosten» min.

**Alf Prøysen.**

*Godt utvalg i dame- og herreskotøy*

**Valkyrien Skotøymagasin A/S**

Valkyrjegt. 3 - Oslo Telefon 46 34 64

*Moderne damer*

**foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i**

*Kjoler - strømper - undertøy etc.*

**Kle Dem riktig — det er viktig.**

**HELNOR** **Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06**

**NOREGS BOKLAG**

***Bokhandel — Papirhandel***

***Bøndernes Hus***

**Rosenkrantzgt. 8, Oslo — Telefon 33 13 74**

Spesialforretning i TV - radio



Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer.

GOD SERVICE! *Rimelig avbetaling inntil 24 måneder.*

**NORSK TELEVISJON OG RADIO A/s**

**ARBEIDERRADIO**

*Youngs gate 11, Oslo - Telefon 42 07 37 **

# EIN LITEN BUKETT VISER

## BLÅKLOKKEVIKUA

Nå ligg steinrøysa solvarm med fingerstrå,
Blåklokkevikua —
je er heme nå
Blåklokkevikua —
den var lykka for meg
Den vi fekk som ei gave da vi var små.
Blåklokkevikua —
midt i æillt det grå
Blåklokkevikua —
som je lengte mot deg.
Natta bære skumre,
dagen var blå
og vegen var lett å gå.
Flyge berrføtt i dogg-gras og blåbærlyng
Blåklokkevikua —
ja, den ler og syng
Blåklokkevikua —
milla steinrøys og strå
sit je i a nå,
je er i a nå.

**S. BRUUN**
Nils Juelsgt. 27
Telefon 44 03 84

*Lamper — Skjermer — TV*
*Elektriske apparater m. m.*

*Framhald frå side 11.*

ikkje spræke greiene, for di . . . Så dukka han atter ned til tangentane sine og trolla fram ein ny tone, ein norsk synkope, like prøysensk som Prøysen sjølv.

— Er det di akt og meining, Finn Ludt, beint fram å nekte at denne musikken er din?

— Nei bevares, det er vel fåfengt, no. Men skulle det vise seg at ein og annan av melodiane når fram til folk likevel, så er det Prøysen og Toms å takke.

— Vi meinte vi kjende Asbjørn Toms nokså godt, og veit han er allsidig, men det var ukjent for oss at han syslar med å komponere!

Derimot veit vi at Finn Ludt, kanskje den mest allsidige, mest fabulerande innfallsrike og formsikre av norske «brukskomponistar», ikkje så mykje som blunda natta føre leseprøven. Av gammaldags lampefeber. Av alle dei tusen vener dette elskelege unikum eig, er det éin som tvilar på at han har ytt det beste når han har teke ei ny musikalsk oppgåve på seg og fullført henne. Det er Finn Ludt. Og dette gjer krav på å vera fødd og jamvel oppvakse i Bergen.

Prøysen: Denne Trosten vår kunne aldri ha flaksa opp på scenen på skapleg vis utan at signaturane og AT og FL hadde vore ute med sine kunster — og sin kunst. Det er dei som kan teater av oss tre.

Om Asbjørn Toms må ein i det minste kunne leggje til, at der lystspel flyte kan, der er han andre-mann.

— Når eg gjerne plar kalle Asbjørn ein god nummer to, smiler Prøysen sin landskjende, skeive smil, så er det g o d eg legg trykket på.

Under alt dette vellætet har Asbjørn Toms gjort ein serie — for ein gong skuld fåfengde — freistnader på å koma til orde. Han er ikkje den som gjev seg i så måte heller. Då det endeleg lykkast, er det for å sitere skrifta:

*Framhald side 34.*

## SLETTEMASURKA'EN

Nå har vi lordagsglea,
sleng ta deg hårdagsklea!
Kom så dæinser vi masurka,
ja masurka, ja masurka
Det er nå det vi æille går og tenkje på.
Unna med fatakluten
nå er vi den foruten,
kom så dæinser vi masurka
ja masurka, ja masurka.
Å vara fri ei stund foruten lenkje på!
Nå er vi fri og sæla ta,
deg ska je dæinse hæla ta
tek'n på rang og retta
masurka.
Sagbågan trekke bæljen, hæin
arbe nå best i hæljen, hæin.
Tretakta går på sletta
masurka.
Nå har vi lordagstakta
nå vil vi sjøl ha makta
kom så dæinser vi masurka
ja masurka, ja masurka.
Det er nå det vi æille går og tenkje**r** på.

*MIDT PÅ KARL JOHAN*

**BØNDERNES BANK A/S**

*EGERTORGET - OSLO*

**Reisevaluta ekspederes raskt og greitt**

**Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker**

*Framhald frå side 32.*

«Je vil seia med dikter'n Lundjordet, som er kømmi for å tala her i kveld — han seie, vi lyt lyfte i flokk —.» Og det er vel det vi har gjort. Det Prøysen og Ludt har gjort, det er, for å omdikte litt, at dei har «åpne skrinet sitt: itte det grå, men det raue og blå — — — og synt oss nåe vi æiller fekk sjå: Nå når dom har svingt seg, kæin det kæinskje bli hælja midt i vikun en 2—3 måners ti'.

Vi: Men Finn, du ser så skremd ut! S å dårleg har du då ikkje gjort det?

— Eg hadde itt mareritt her en natt. Eg drømte at melodien min til «Darling», med teksten og heile redselen — kom på toppen av dei ti på topp, — å — gru! For høyr no berre teksten til Gunvor Smikkstuguns grammofonplate:

«Darling — du er jo livet for meg
darling — jeg tenker bare på deg.
Jeg har kjent at et hjerte kan brenne og svi,
jeg har lengtet og kysset ditt fotografi.
Darling — jeg kysser veien du går!
Darling — min vei er ensom og sår.
Jeg vil stryke ditt kinn
jeg vil favne deg inn —
Darling du —.
Darling.»

Som du veit, er melodien av same åndsgehalt. Så han har v e r k e l e g dei ingrediensane som kan lyfte ei sak til topps, både tekstleg og musikalsk . . . Å, redsel, å, gru! Det har hendt før at ein parodi har vorte slager.

I. E.

*Thoralf Vik*
*Bygg- og tømmermester*
Kontor: Armauer Hansensgt. 14 b, tlf. 60 47 18.
Byggeplass: Hosle i Bærum, tlf. 53 47 62.

## SKINN SOL

Skinn sol — i fjorten daer — skinn på meg
Lys måne — i fjorten netter — lys for meg.
Modne du jordbær i steinrøysa grå
blomstre du geitrams og svaie du strå
Ring blåklokke i lykkjen — ring for meg
Nå har je kømmi hematt åt deg.
Bytrøtt rett og slett
med filtersigarett
grammofon og returbillett.
Je forlange itte lykke tel håret mitt bli grått
og sjøl så har je slite for lykka je har fått.
Den vara itte livet ut, — ei bitte lita stund
ska je blusse i en nyperoselund.

## HÆLJA MIDT I VIKUN

Dom slit med det såmmå i år som i fjor
for dekk som ska verne om annenmæins jord.
For dekk dro dom svartklær frå bursloft og lem
for dekk har dom nå hente Lundjordet hem.
For dekk åpne Brekkestøl gråskrinet sitt
stikk oppom i kveld, så ska je åpne mitt —
Itte det grå, men det raue og blå
og syne dekk noe de æiller fekk sjå —
Bære je får svingt meg, så ska det kæinskje bli
hælja midt i vikun en fjorten daers ti'.

*Skreddersydde klær*

blir de *billigste* i lengden. *Gratis* får De velværet ved å ha klær som førsteklasses håndverkere har laget nettopp for Dem.

**Ring meg, eller kom innom.**

**Håkon Øverås**

**SKREDDERI**

TLF. 42 63 74 41 31 43

FR. NANSENS PL. 9

VED RÅDHUSET

**A·Hillestad**

rensing **kjemisk renseri & fargeri**

**Rensing — Farging**

**Skjorteservice**

*Butikker over hele byen*

**LETTVINT!**



— Vet De hva, fru Blom — *det skitne forsvant av seg selv!*

— Det var vel NYLON-VASK De brukte da?

— Ja, den er *fenomenal*. Og så *lettvint!* Det er bare å piske ut litt vaskekrem i lunkent vann, legge tøyet *tørt* oppi og la det ligge og trekke et kvarters tid. Så kan De kryste det litt og skylle. Og makan . . .

— Den er *skånsom* også, både mot tøy og hender. Jeg kan ikke tenke meg noe annet vaskemiddel til det fine tøyet mitt, *til ulltøy* og til strykefri skjorter . . .

— De ordner mannen min selv, når han er ute og reiser. Vi har *alltid* en tube NYLON-VASK med oss. Da er det ingen vaskeproblemer. Den er god til alt.

— For ikke å snakke om *vindusvask*. Da er det nok å vaske over og tørre med det samme skinnet. Vinduene blir krystallblanke, selv i sterk sol. *Mer lettvint kan det ikke være* . . .

— Og så blir vinduene *rene!*

Fabrikant:

**ALKEMIKO**

Oslo

## HENRIK BØHM'S

**Paraply- og regntøyforretning**

er flyttet til

**Torggt. 23. Tlf. 42 16 87**

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

*Gamle og nye kunder ønskes velkommen*



## NATIONALTHEATRET

«ROSMERSHOLM»

Skuespill av Henrik Ibsen

Premiere 30. april.

«SKJØNNE UNGDOM»

Skuespill av Eugene O'Neill

Regi: Alfred Maurstad

Premiere medio mai.

## DEN NORSKE OPERA

«DEN GLADE ENKE»

Operette av Franz Lehár.

Regi: Alfred Solaas

Koreografi: Henry Mürer.

Musikalsk ledelse: Istvan Pajor.

Dekor og kostymer:

Per Schwab.

## OSLO NYE TEATER

«KISS ME KATE»

Musical av Cole Porter

Iscenesettelse: Alfred Solaas og

Ivo Cramer

Premiere medio mai.



## HENRIKSENS BOKBINDERI

*Innehaver G. S. Henriksen*

Kongens gate 16 — Telefon 41 13 30

*Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til*

**B. Bogens Parkettsliperi**

Chr. Michelsensgt. 21 – Telefon 37 60 26

*Førsteklasses arbeide garanteres*

## NESTE SESONG:

Første framsyning blir

«JEPPE PÅ BERGET»

av Ludvig Holberg

med sjefen for Komedia i Bergen, Alv Hordnes, som gjest i tittelrolla. Instruktør er Hans Stormoen.

Neste framsyning blir

«KORSET»

av Sigrid Undset,

3. og siste delen av «KRISTIN LAVRANSDATTER»-trilogien, dramatisert og instruert av Tormod Skagestad. Dei to første, «KRANSEN» og «HUSFRUE», blir òg oppsette.

**JOHANSEN & NIELSEN**

**BOKTRYKKERI**

Pilestredet 45 b, Oslo

Sentralbord 60 17 95

*Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger*

**Savolainen & Co**

STORGATEN 4 - OSLO

**Alltjenest Rengjøringsbyrå**

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

*Rydding av loft og kjeller — Faste oppdrag mottas*

**Eugenie Støttums Blomsterforretning**

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

*Medlem av Norsk Blomstertelegraf*

*Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser*

**Norges Kjøtt- og Fleskesentral**

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt, livdyr, uli, huder og skinn

*17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer*

OSLO BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

**Hotell Bondeheimen**

Rosenkrantzgt 8

**Kaffistovene**

Rosenkrantzgt. 8 — Stortorget 8

Kr. Augustsgt 14 — Storgt 28

OSLO

Repress Reklamebyrå, Oslo

Johansen & Nielsen, Oslo



